

SÅRKURS I PRIMÆRHELSETENESTA

Av Edel Olstad

Erfaringar har vist at det er eit stort behov for tverrfaglege sårkurs i primærhelsetenesta.

Desse kursa må vere godkjente av legeföreninga med godkjente poeng i etter- og vidareutdanninga for Allmenmedisin.

NIFS-konferansane har svært gode program som fastlegane hadde hatt nytte av, men dei ønsker seg godkjente kurs.

Følgjande råd er meint til dei som kan tenke seg å halde eit lokalt kurs.

MÅLGRUPPA:

Allmennlegar og medarbeidarar på legekontara, og alle som arbeider med sår i pleie og omsorgstenestene.

TIDSPUNKT:

Våren er som oftast det beste tidspunktet for då er ikkje kursbudsjetta oppbrukte.

PROGRAM OG FORELESARAR:

Ved å "klippe" fra programmet til NIFS-konferansane vil ein finne gode og aktuelle tema. Dersom ein skal ha NIFS i "ryggen," bør ein la styret få "godkjenne" programmet.

Dette fordi Legeföreningen vil ha ein lege som står ansvarleg og til å underteikne kursbevisa.

Det er også lurt å finne lokale forelesarar på sentral- eller regionsjukehus som fastlegane forhold seg til. Ta gjerne med den lokale kurskomiteen til legeföreninga. Den får du tak i ved å kontakte legeföreningen@legeföreningen.no

KURS-STAD:

Det er lurt å legge kurset på ein stad der det er vanleg for andre organisasjonar i fylket å ha kurs/møter. Då er det oftast eit hotell med gode konferanselokaler og -utstyr som blir best. Dei tek ein samla pris for lunch kaffe/te i pausane og bruk av konferanseutstyr, **dagpakke**. Da slepp ein tankar for mat og teknisk utstyr.

ØKONOMI:

Satsane fra Legeforeningen finn du på DNLF si heimeside ved å søke Kursavgifter og honorartakster.
Desse er fra 1.07.12

Utgifter :

Honorarutgifter kr 2500,- x 6t = Kr. 15000,-

Reiseutgifter til forelesarar minimum
alt etter kvar i landet ein planlegg Kr. 5000,-

Marknadsføring ca Kr. 2000,-

Til saman Kr. 22000,-

Inntekter:

1 dags kurs kr 1900,- pr. deltakar (Legeforeningen sine kursavgifter)

Med minimum 12 deltakar = 22800,- vil ein få eit lite overskudd.

Med såpass høg kursavgift bør dagpakke (lunch, kaffe/te og frukt) inngå i kursavgifta.
Alternativt deler ein opp og tek kr 1300,- i kursavgift + dagpakke kr 400,- som er vanleg på hotell.
Dagpakka dekker bruk av lokale og konferanseutstyr.

Ved å ha NIFS i "ryggen" bør ein la medlemmer sleppe kursavgift, men betale dagpakke.
Ein må da rekna antall betalende deltakarar for å få budsjettet i balanse.

Dersom de melder dykk inn i NIFS og betalar medlemsavgift før påmeldingsfristen til lokale kurs slepp de kursavgift.

SØKNAD OM GODKJENNING:

For å søke godkjenning må ein ha programmet klart. Ein finn søknadskjema på:

<http://legeforeningen.no/Om-Legeforeningen/Skjema>

Det er viktig at ein lege står oppført på søknaden som ansvarleg. DNLF skal ha den i hende 6 mnd før kursstart.

MARKNADSFØRING:

Marknadsføring er kanskje det som krever mest tid. Men det er svært viktig. Legeforeningen legg kurs automatisk ut på nettsidene sine.

Det er viktig å få tidleg kontakt med dei eller den fylkeslokale kurskomiteen til DNLF for å få avklart om det er planlagt andre kurs.

Når ein har fått godkjenninga, bør ein kontakte alle legekontor, helse- og sosialeiarar om at det vert kurs på den aktuelle datoen. Ein slags «set av datoen-varsel.» Hugs å få kurset med på NIFS si heimeside.

Ca 10 veker før kurset sender ein ut invitasjonen. Det bør vere ein påmeldingsfrist minimum 4 veker før kurstart, i alle fall viss ein skal vere på eit hotell. Dei vil vite i god tid kor mange deltakarar det er. NB! Hugs individuell faktura fra hotellet til eventuelle overnattingsgjester.

Det går an å koma fram til helseleiar i kvar kommune og få e-postadresser til aktuelle deltakarar. Alle kommunar har kontaktinfo på heimesidene sine.

Praksiskonsulentane i helseforetaka kan legge ut info om kurset på deira "kontakt med primærhelsetenesta." Dei veit også om det er andre kurs som "kolliderer" med det planlagte kurset.

Det er greitt med ein påmeldingslipp der ein ber om: Namn, yrke, medlemskap i NIFS, kontaktilf og fakturaadresse.

Når påmeldingsfristen er ute, sender de ut faktura med betalingsfrist til den adressa som er oppgjeve.

GJENNOMFØRING:

Det er greitt å få seg med nokre NIFS-medlemmer på staden som kan hjelpe med registrering og utlevering av hefte/mapper med penn og papir. Dette har dei fleste hotell i sin pakke eller til nokre kroner pr.pers. Eller det kan lagast sjølv.

Lurt er det også å rekna dagpakke med i kursavgifta i ein sum eller delt sum når ein sender fatura til deltakarane. Hugs å sende faktura på dagpakke til evt NIFS-medlemmer som slepp kursavgift.

Dersom kvar og ein skal gjere opp med hotellet for dagpakke blir det lange køar og unødvendig bruk av tid.

Kursbevisa må underteiknast av ansvarleg lege. Ein kan spørje den lokale legeforeninga om å kjøpe kursbevis av dei, eller ein kan lage sjølv med NIFS-logoen. Det må stå antall godkjente kurspoeng og referanse til godkjenning på kursbeviset.

LUKKE TIL☺